

# Referat frå årsmøte 2020 i Holmavika Hamnelag SA

Fredag 31. januar 2020 klokka 18:00 – 20:20 i Klubbhuset i Holmavika

## KONSTITUERING

Leiar Inge Bakke ønskte velkommen til årsmøtet.

### Manntall

Det møtte 27 medlemmer, ein av desse hadde open fullmakt frå anna medlem, ein hadde fullmakt avgrensa til å røyste for framlegg frå Jarle Fagerstad. I tillegg møtte eit ikkje-medlem med fullmakt frå medlem. Til saman vart dette 29 røysteføre i alle saker og 30 røysteføre i sak lagt fram av Jarle Fagerstad under sak 7.

### Godkjenning av innkallinga

Innkallinga vart samrøystes godkjend.

### Godkjenning av saklista

Framlegg frå Karstein Ødegård om utsetjing av årsmøtet grunna med at saklista ikkje var fyllestgjerande i høve innsendt sak vart forkasta med 22 røyster. Men dette skulle bli teke att under *punkt 6 Saker frå medlemmane*. Deretter vart saklista godkjend samrøystes.

### Val av møteleiar

Inge Bakke vart vald til ordstyrar.

### Val av referent

Ole Bosnes vart vald til referent.

### Val av to til å skrive under møteprotokollen

Per Knut Årvik og Victor Kjøde vart vald til å skrive under møteprotokollen.

## SAKLISTE

### 1. Årsmelding for 2019

Årsmeldinga vart lesen opp.

Merknader: - Punkt om nye kjølkvilarar til slippvogna må inn på lista over tiltak.  
- Under avsnitt Forsikring skal det vere 13.648,00 kroner, som er ein auke på 973,00 kroner i høve 2019.

**Vedtak:** Med desse endringane vart årsmeldinga samrøystes godkjend.

### 2. Rekneskapen for 2019

#### Resultatrekneskap

Resultatrekneskapen viser eit resultat på 74.899,24 kroner.

#### Balanserekneskap

Balanserekneskapen viser at laget disponerer verdier på 3.595.239,59 kroner, av dei er 784.432,00 kroner gjeld til Sparebanken Vest.

## Revisoruttale

Revisoruttale vart framlagt og teke til vitande.

## Godkjenning av rekneskapen

**Vedtak:** Etter nokre spørsmål og svar frå kasserar, vart rekneskapen samrøystes godkjent.

### 3. Fastsetjing av

#### a. Medlemskontingent

Noverande kontingent: 2.000 kr.

- Framlegg 1 frå salen: Inga endring.
- Framlegg 1 frå styret: Auke frå 2.000 kroner til 2.500 kroner.
- Framlegg 2 frå salen: Auke frå 2.000 kroner til 2.250 kroner.

**Vedtak:** Framlegg 1 vart vedteke med 26 røyster.

#### b. Storleik på andelar

Noverande prisar finst i paragraf 3 i [vedtektene](#) og varierer frå 20.000 kroner for halv plassar til 50.000 kroner for dei største plassane.

- Framlegg 1 frå styret: Verdien av alle typar andelar aukast med 20.000 kroner.
- Framlegg 2 frå salen: Verdien av andelar aukast med 25% av noverdi.

**Vedtak:** Framlegget 2 vedteke med stort fleirtal.

#### c. Pris for frikjøp dugnad

Noverande pris: 1.000 kr.

- Framlegg frå styret: Uendra. **Vedtak:** Samrøystes vedteke.

#### d. Prisar ved slipping

Noverande prisar: Sjå heimesida under [Slippen](#).

- Framlegg frå styret: Uendra. **Vedtak:** Samrøystes vedteke.

#### e. Straumavgift

Noverande pris: 700 kr.

- Framlegg frå styret: Uendra. **Vedtak:** Samrøystes vedteke.

#### f. Prisar for leige av klubbhuset

Noverande prisar:

	For ikkje-medlem	For medlem av laget (privat)
Per time	200 kr	100 kr
Per døgn	700 kr	350 kr
Per helg (fre - søn)	1600 kr	800 kr

- Framlegg frå styret: Uendra. **Vedtak:** Samrøystes vedteke.

### g. Pris for framleige av plassar

I samsvar med vedtektsendring, sjå sak 7 nedanfor, vart det bestemt at årsmøtet skal vedta pris for framleige av plassar.

Framlegg frå styret: 300 kroner per måned utan omsyn til storleiken på plassen.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke.

## 4. Budsjett for 2020

Budsjett for 2020 ble framlagt.

**Vedtak:** Budsjettet vart vedteke samrøystes under føresetnad av at post 3115 Medlemskontingent endrast i samsvar med vedtak i sak 3a *Medlemskontingent*.

## 5. Val

Valnemnda sitt framlegg:

- Leiar: **Viktor Kjøde 1 år**
- Kasserar: Ole Bosnes, ikkje på val, 1 år igjen.
- Styremedlem: **Arne Hjertenes 2 år**
- Styremedlem: **Per Knut Årvik 2 år**
- Styremedlem: **Jan Petter Venøy 1 år** for å komme inn i rytmen.
- Varamedlem: **Jarle Hovden 2 år**
- Revisorar: Erik Midtgaard , ikkje på val, 1 år igjen, **Ove Hoddevik 2 år**.
- Valnemnd: Geir-Ove Liseth, ikkje på val, 1 år igjen, **Kjetil Fure 2 år**

**Vedtak:** Valnemnda sitt framlegg vart vedteke med akklamasjon.

## 6. Saker frå medlemmene

Uttale frå Rune Jan Skår:

Moldefjorden har ikkje eit organisert tilbud om plass til fritidsbåtar. Eg ber årsmøtet vurderer ei grensejustering av sone for 1. prioritet ved sal og leige.

Uttale frå styret: Styret har tidlegare vurdert å flytte grensa frå Eide til Salt men har ikkje vore sameinte.

Etter drøfting vart det røysta for eller mot ei eller anna grenseendring.

**Vedtak:** Grenseendring vart avvist med 20 mot 10 røyster.

Uttale frå Jarle Fagerstad: *Dei fleste bakveggsbåtar rundt 40 fot har litt meir vekt enn 10 tonn og fleire deleigarar ønsker større båtar. Saga Boats AS sin største i dag er 39 fot og utviklinga går her som andre stader mot større båtar.*

- Framlegg frå Jarle Fagerstad:

Grensa for båtstorleik økt til 12 tonn/13 meter.

- Framlegg frå Karstein Ødegård:

1. Grensa for båtstorleik vert økt til 12 tonn/14-15 meter.
2. Det vert oppretta båt plassar med utriggarlengde på 10 meter og 12 meter.
3. Båt plassar og båtar i hamna vert sortert etter båtstorleik.

- Framlegg frå Jan Kåre Ødegård:

1. Det opprettast båt plassar med utriggarlengde på 10 meter og 12 meter.
2. Det opprettast eigen rad for båt plassar med 10 meter utriggarar.
3. Det opprettast eigen rad for båt plassar med 12 meter utriggarar.
4. Det vert eigen andelspris på store båt plassar.

Uttale frå styret:

*Framlegga ovanfor frå Jarle Fagerstad, Karstein Ødegård og Jan Kåre Ødegård handlar alle om auke av tillate båtstorleik og lengde på utriggarar. Styret meiner at dette må avvisast av årsmøtet. Styret grunngjev dette med at*

- *hamna er for lita*
- *bryggene er for svake*
- *hamna er for utsett for sjødrag og vind*

*Ein kunne vurdert dette på nytt dersom ein fekk på plass nye og sterkare brygger, men utvida plass til store båtar ville redusere tal båt plassar.*

Ordstyrar bestemte at sakene innleiingsvis vart slått saman til to framlegg det kunne røystast over. Dersom desse framlegga vart avviste ville vidare sakshandsaming vere unødvendig.

- Framlegg 1. Det skal vere tillate med lengre utriggarar enn noverande maks lengde på 8 meter.

**Vedtak:** 25 røysta mot, 4 for. Framlegget vart avvist.

- Framlegg 2. Vekt- og/eller lengdegrense på båtane skal aukast frå noverande 12 meter og 10 tonn.

**Vedtak:** 25 røyste mot, 2 for. Framlegget vart avvist.

- Munnleg framlegg frå Magne Fure: Styret vert pålagt å greie ut dei praktiske og økonomiske konsekvensane av å utvikle hamna for å kunne tillate større båtar.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke.

Førespurnad frå Karstein Ødegård:

1. Kva er grenser for vekt og storleik for bruk av slippvogna?

Svar frå styret: Vogna er godkjend for 8 tonn.

2. Korleis er ansvarsforholdet ved bruk av slippvogna?

Svar frå styret: Bruk av slippvogna skjer på eige ansvar.

Drøfting i møtet førte til at styret vart sterkt tilrådd å kontakte forsikringsselskapet og få avklart alle tilhøve omkring ansvarsforhold og godkjenning av slippvogna.

- Framlegg frå Jan Kåre Ødegård:

Ferdigattest for klubbhuset leggjast ut på heimesida.

Svar frå styret: Vidar Berge, Bygger'n, var ansvarleg for byggesaka og tek vare på ferdigattest og andre papir. Det er ikkje grunn til å leggje attesten ut på heimesida.

**Vedtak:** Framlegget vart avvist med stort fleirtal.

- Førespurnad frå Jan Kåre Ødegård:

Dekker forsikringa til hamnelaget skade- eller død på personar i samband med utleige av klubbhus til overnatting ved brann og liknande?

Svar frå styret: Holmavika Hamnelag har brannforsikring hos Tryg for heile anlegget.

- Sak frå Karstein Ødegård, ikkje medteke i utsend sakliste:

Handsaming av medlemmane.

Karstein Ødegård hevda at styret hadde ei negativ haldning til ønskje frå medlemmane og ved eit høve hadde vist uakseptabel åtferd. Styret vedgjekk at medlemmane har krav på respektfull behandling og løysingsorientert handsaming av medlemmenes behov. Ordstyrar meinte dette var ein sak årsmøtet ikkje kunne ta stilling til sidan det ikkje låg føre noko meir konkret.

Saka vart teke til vitande.

## 7. Saker frå styret

Selje kommune er historie. No er vi Stad kommune. Dette får konsekvensar for ein del formuleringar i vedtektene.

- Styret foreslår derfor følgjande vedtektsendringar:

### **Adressa endrast til**

Holmavika Hamnelag v/leiar, 6740 Selje  
Stad kommune, kommunenummer 4649

### **§1 Formål og organisering, første kulepunkt endrast til**

Holmavika hamnelag SA, 6740 Selje, har som hovudføremål å skaffe båt plass til medlemmar som har bustadadresse med postnummer 6740 Selje.

### **§3 Medlemsskap, første kulepunkt slettes medan andre kulepunkt endrast til**

Medlemmar som får tilbod om båt plass i Holmavika Hamnelag må betale medlemskontingent og eit andelsinnskot. Andelsinnskotet skal være betalt før båt plass kan bli tilvist. Storleiken på andelsinnskot vert fastsett av årsmøtet. Andelsinnskot forrentast ikkje.

### **§7 Årsmøtet**

#### **Årsmøtet skal behandle, punkt 3 Fastsetjing av: Her leggast til**

Pris ved utleige av båt plass.

Framlegg frå styret om fastpris på utleige av plassar blei vedteke under sak 3.

#### **Punkt 7, 2. Prisar ved utleige av båt plass endrast til**

Prisen for utleige av plassar i hamna skal kvart år avgjerast av årsmøtet. Leiga skal betalast forskottsvis til hamnelaget. Hamnelaget beheld 10 % av leigeinntekta. Resten vert utbetalt til utleigar innan utgangen av desember kvart år.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjende endringane samrøystes under føresetnad av at tredje setning i punkt 7,2 endrast attende til «Hamnelaget beheld 10 % av leigeinntekta.»

Framlegg frå styret: Vedtektene språkvaskas, slik at ordlyden blir konsekvent nynorsk.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke.

- Førespurnad på årsmøtet 2019:

I kva grad er budsjettet bindande for styret?

Svar frå styret: Budsjettet er eit styringsreiskap og viser retninga ein ønskjer for utviklinga av hamna. Det vil vere svært upraktisk om dei einskilde postane i budsjettet måtte avgrense styret sitt høve til å bruke lagetts midlar. Ting kan komme opp som ein ikkje kan føresjå.

- Aktuell problemstilling i 2019:

Til drøfting på årsmøtet: Flytting av utriggar i samband med å måtte flytte plass. I utgangspunktet eig andelseigar ein halv utriggar på kvar side av plassen, naboen den andre halva. Men i nokre høve har eigar med stor båt kjøpt ny og større utriggar for eiga rekning fordi naboen ikkje hadde same behov og ikkje ønskte å vere med på kostnaden. Dersom eigaren sidan vert nøydd til å flytte til annan plass for å få auka breidde ved kjøp av ny båt, kan han da ta med seg utriggaren han har kjøpt sjølv?

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok samrøystes at eit medlem måtte ha høve til å flytte med seg utriggar dersom styret finn at det ikkje er tungtvegande grunnar til å nekte. Utriggar som flyttast må erstattast med tilsvarande utriggar med omsyn til lengde og gangbarheit.

Møtet slutt.

Victor Kjøde (sign.)

Per Knut Årvik (sign.)